

Bygdanytt
Ådnavegen 63
5260 INDRE ARNA

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/1201 - 23/16148

Saksbehandlar:
Terje Kallekleiv
terje.kallekleiv@osteroy.kommune.no

Dato:
06.07.2023

Høyring - Annonse i bygdanytt

Vi ber om at teksten under vert teke med under kunnngjeringar i Bygdanytt tysdag 11. juli -2023. Kunnngjeringa må ha kommunevåpen og teksten skal vere som i boksen.

HØYRING OG OFFENTLEG ETTERSYN

Med heimel i plan og bygningslova §12-10 har Heradsstyre i Osterøy kommune i møte 21.06.2023 vedteke å leggje fylgjande planforslag ut på høyring og offentleg ettersyn:

DETALJREGULERING HELLDAL SMÅBÅTHAMN OG STRANDSONE (planID; 4630_2022001)

Planområdet er på 77,3 dekar og framlegg til plan legg til rette for småbåtanlegg, bryggjeanlegg, molo og badestrand i Hamna. Småbåtanlegget vil ha plass til opp til 60 båtar. Reguleringsplanen legg til rette for å bygge sanitæranlegg, 3 fellesnaust for oppbevaring av reiskap knytt til sjøbruk (kajakk, segling, fiske osv.) - samt ein parkeringsplass for båteigarar, besøkjande og dei som har naust i området. Tiltakshavar er Aksel Mjøs, Kari Mjøs og Arve Mjøs og Arkitektgruppen Cubus er utførande konsulent.

Spørsmål kan rettast til Osterøy kommune v/Plan. Naboar, grunneigarar og offentlege instansar vert varsla direkte med brev. Plandokumenta ligg til gjennomsyn i Osterøy rådhus servicekontoret. Dei kan og sjåast på <https://www.arealplaner.no/osteroy4630/arealplaner/106>

Eventuelle merknadar til planen skal sendast Osterøy kommune v/ Plan, Geitaryggen 8, 5282 Lonevåg eller til post@osteroy.kommune.no (merk gjerne e-post med «merknad» og «plan»). Frist for å kome med merknad er **11. september 2023**.

Fint om de sender meg korrektur. Den kan sendast til terje.kallekleiv@osteroy.kommune.no
Faktura sendast Osterøy kommune, Rådhuset, 5282 Lonevåg og merkast "Plan"

Med helsing

Terje Kallekleiv
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Mottakar:
Bygdanytt

Ådnavegen 63 5260

INDRE ARNA